

Kontrollutvalet i Forsand kommune

Møteinnkalling

Møtested:	Møterom oppe
Dato:	30.01.2014
Tidspunkt:	Kl. 09.00
Møtenr:	1 / 2014

Til behandling:

Sak nr	Sakstittel
1/14	Godkjenning av protokoll frå møtet 11. november 2013
2/14	Oppfølging av forvaltningsrevisjon: Anskaffelser
3/14	Rekneskap kontroll og tilsyn pr. 31.12.2013
4/14	Rullering av Plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2016
5/14	Kontrollutvalet si årsmelding 2014
6/14	Statusoversikt pr. januar 2014

Referatsaker/meldingar

Periode:		11.11.2013 - 30.01.2014
Nr.	Arkivsak	Referatsakstittel
1/14	13/00179-9	Målsettingar og strategiar 2012-2015
2/14	13/00211-9	Oppfølging av selskapskontroll: Interkommunalt arkiv i Rogaland IKS
3/14	13/00328-6	Årsplan 2014 - Vedtak KST
4/14	14/00006-1	Vedtak KST: Søknad frå Klepp kommune om opptak som deltakar med fast samarbeidsavtale

Vennlegast meld eventuelt forfall snarast på telefon 51 33 65 90 evt.414 46 180 eller på e-post til postmottak.rks@sandnes.kommune.no.

Ved forfall blir varamedlemmer innkalla særskilt. Medlemmer som meiner seg inhabile, må gje melding om dette slik at varamedlemmer kan innkallast.

Evt. saker merket (*Unntatt offentlegheit i medhald av off. l.*) sendes bare til medlemmer/vara-medlemmer.

Forsand, 23.01.2014

Inger Anita Merkesdal
Leder av kontrollutvalget

Per Kåre Vatland
Sekretariatet

Vedlegg:
[Medlemsoversikt](#)

1/14 Godkjenning av protokoll frå møtet 11. november 2013

Arkivsak-dok. 13/00014-7
Arkivkode. 033
Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	30.01.2014	1/14

Protokollen frå møtet den 11. november 2013, vart lagd fram for kontrollutvalet i Forsand til godkjenning, sjå vedlegg.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Forsand godkjenner protokollen frå møtet den 11. november 2013.

SANDNES, 13.01.2014

Per Kåre Vatland
Seniorrådgiver

Vedlegg:
[Protokoll Kontrollutvalet i Forsand 11.11.2013](#)

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

2/14 Oppfølging av forvaltningsrevisjon: Anskaffelser

Arkivsak-dok. 13/00128-10
 Arkivkode. 217
 Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	30.01.2014	2/14

Bakgrunn

Forvaltningsrevisjonsrapporten Anskaffelser, vart behandla i kommunestyret sitt møte den 27.02.12. Kommunestyret fatta følgjande vedtak:

1. *Kommunestyret i Forsand tek forvaltningsrevisjonen Anskaffelser til orientering.*
2. *Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine konklusjonar og tilrådingar. Kontrollutvalet får melding om korleis kommunestyret sitt vedtak er følgt opp ca. 6 månader etter at kommunestyret har fatta vedtaket.*

I rapporten kjem revisjonen med følgjande tilrådingar til kommunen:

- *Forankre innkjøp i administrasjonen ved å delegere mer tid til innkjøpsfunksjonen, og utarbeide rutiner for innkjøp/innkjøpsreglement som vedtas i kommunestyret.*
- *Utarbeide en fullstendig oversikt over alle inngåtte rammeavtaler i kommunen.*
- *Gjøre informasjon om innkjøpsrutiner og oversikt over rammeavtaler tilgjengelig på kommunens intranett – og informere om det.*
- *Vurdere behovet for nye avtaler, og samtidig arbeide for å auke bruken av eksisterende rammeavtaler.*
- *Styrke kompetansen på innkjøp slik at:*
 - *Alle innkjøp over terskelverdiene lysas ut i de tilfeller hvor det er påkrevd.*
 - *Anskaffelsesprotokoll i tråd med forskriftens krav utarbeides i de tilfeller hvor det er påkrevd.*
 - *Skatteattester og HMS – egenerklæring innhentes i de tilfeller hvor det er påkrevd.*

Saksutredning

Rådmannen har i e-post av 05.11.13 gitt tilbakemelding på korleis rapporten er følgt opp, e-posten er lagt ved saken. I rådmannens tilbakemelding kjem det fram at det arbeidast med å legge innkjøpsfunksjonen til ei stilling som kan ivareta denne oppgåva i kommunen. Rådmannen gjer elles kort greie for kva som er gjort i forhold til anbefalingane.

Sekretariatet har invitert rådmannen til å vere med i møte under behandlinga av denne saka, slik at kontrollutvalet kan stille spørsmål dersom noko er uklart.

Vi viser elles til rådmannen sitt svarbrev og utgreiing i møtet.

I følgje kontrollutvalgsføreskrifta med merknader, tilligg det kontrollutvalet å sjå til at rådmannen følgjer opp rapporten. Det ligger ikkje til kontrollutvalet å fastsette korleis administrasjonen skal følgje opp påviste avvik/svakheitar i det konkrete tilfellet, da dette er rådmannen sitt ansvar. Kontrollutvalet kan likevel melde saker vidare til kommunestyret dersom kontrollutvalet meiner saker ikkje er følgt opp på ein tilfredsstillande måte.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Forsand tek rådmannens tilbakemelding om oppfølging av rapporten "Anskaffelser" til orientering.

Melding om oppfølging sendes til kommunestyret til orientering.

SANDNES, 20.12.2013

Per Kåre Vatland
Seniorrådgiver

Vedlegg:

[SV: Oppfølging av forvaltningsrevisjon Anskaffelser.](#)

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikke signatur.

3/14 Rekneskap kontroll og tilsyn pr 31.12.2013

Arkivsak-dok. 13/00144-14
 Arkivkode. 212
 Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	30.01.2014	3/14

Bakgrunn

Kontrollutvalet skal etter føreskrift om kontrollutval § 18 lage fremme forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Dette fører til at kontrollutvalet òg har ansvar for å fylgje opp rekneskapen på området.

Kontrollutvalet får rapport om rekneskapen kvart tertial. Ved andre tertial vert rapporten ofte laga pr. 31.07, då kontrollutvalet har møte i byrjinga på september for å få vedteke budsjettforslaget så tidleg som mogleg, for at kommunen skal få dette med i sitt framlegg.

Saksutgreiing

Til dette møte legg me fram rekneskapsrapport som dekker heile året. Rapporten er basert på opplysningar frå kommunen og frå Rogaland Revisjon.

Rapporten visar at det er brukt i alt 591.000 på kontroll og tilsyn i 2012, som utgjer 84,9 % av budsjettamma.

Mindreforbruket på kontroll og tilsyn 2013 er kr 105.500. Heile mindreforbruk på ligg på utgifter til kontrollutvalet. For det fyrste så var godtgjersle til politikarar budsjettert for høgt i 2013, slik at det vart eit mindreforbruk pp 49.000 på denne posten. Vidare ver det sett av midlar slik at kontrollutvalet kunne delta på kurs både nasjonalt og regionalt. Her er det eit mindreforbruk på i alt 25.000. Til slutt har ein i budsjettet sett av ein post til kjøp av tenester, kor noko er brukt til kjøp av nettbrett. Likevel står det att 27.500.

Kjøp av sekretariatstenester er som budsjettert.

Når det gjeld kjøp av revisjonstenester er omtrent som budsjettert, med eit lite meirforbruk.

Revisjonen kommenterer tala sine slik: **"Forbruk 2013:** I regnskapsrevisjonen er årsoppgjørsrevisjon 2012 gjennomført og interimrevisjonen for 2013 tilnærmet ferdigstilt. Det er utført attestasjon av mva-kompensasjonen for seks terminer. Av særattestasjonar kan nemnes bekreftelse av tilskudd til ressurskrevende brukere, som den mest tidkrevende. Innen forvaltningsrevisjon er et prosjekt om barnevern levert samt selskapskontroll av Interkommunalt arkiv (IKA)."

FORSLAG TIL VEDTAK:

[Kontrollutvalet I Forsand tek rekneskapsrapport kontroll og tilsyn pr 31.12.2013 til orientering](#)

SANDNES, 13.01.2014

Per Kåre Vatland
Seniorrådgiver

Vedlegg:

[Rekneskapsrapport kontroll og tilsyn 31.12.2013](#)

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

4/14 Rullering av Plan for forvaltningsrevisjon 2012 - 2016

Arkivsak-dok. 13/00216-3
 Arkivkode. 144
 Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	30.01.2014	4/14

Bakgrunn

Gjeldande Plan for forvaltningsrevisjon vart vedteken av kommunestyret i 31. oktober 2012. Planen inneheld oversikt over områder som kontrollutvalet valde og prioritere, ut får ei vurdering av risiko og vesentlegheit. Planen inneheld og nokre områda som ikkje vart vurderte. Planen ligg ved saka, der me har førd på status på ferdige prosjekt eller under arbeid. Overordna analyse ligg og ved saka.

Saksutgreiing

Kva utvalet vurderer som vesentleg eller inneber risiko, vil endre seg i ein periode på 4 år. Difor kan det no midt i perioden vere greitt å ta fram planen å sjå etter om det er noko utvalet ynskjer å endre på.

Kor mykje arbeid kontrollutvalet vil legge ned i rulleringen av planen vert ei vurdering utvalet sjølv må ta stilling til. Utvalet kan velje å gå gjennom dei områda som er nemnde i planen og sjå om er nødvendig med endringar. Det kan vere forhold som gjer at nokre områder no er viktigare enn andre, eller at det er områder ikkje lenger er så aktuelle.

Eit anna alternativ er at kontrollutvalet vel å behalde planen slik han er i dag. Om det seinare skulle det vise seg at utvalet må bestille ein forvaltningsrevisjon som ikkje er i planen, kan utvalet bruke delegasjonsfullmakta kommunestyret gav, når planen vart vedteken.

Det er opp til kontrollutvalet å vurdere kva dei ynskjer å gjer med planen no. Saka vert difor lagd fram utan forslag til vedtak. Om kontrollutvalet vel å endre planen, bør kommunestyret få den oppdaterte planen til orientering.

FORSLAG TIL VEDTAK:

....

SANDNES, 13.01.2014

Per Kåre Vatland
 Seniorrådgiver

Vedlegg:

[Vedtatt plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012 - 2016 Forsand](#)

[RR Forsand 2012 Overordna analyse 2012 - 2015](#)

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

5/14 Kontrollutvalet si årsmelding 2014

Arkivsak-dok. 13/00213-9
 Arkivkode. 033
 Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	30.01.2014	5/14

Bakgrunn

Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av sitt arbeid til kommunestyret. Rapporteringa skjer dels løpande, ved at rapportar mm vert sende til kommunestyret for sluttbehandling. Det same gjeld oppfølging av rapportar. I tillegg til dette lagar kontrollutvalet årsmelding og årsplan, som òg inngår i rapporteringa til kommunestyret.

Saksutgreiing

I årsmeldinga som no ligg føre, vert kontrollutvalet sitt arbeid i 2013 oppsummert.

Årsmeldinga gjer oversikt over kva kontrollutvalet har arbeidd med når det gjeld:

- Løpande tilsyn med kommune si forvaltning
- Oppfølging i høve til revisjon, kommunen sine rekneskaper
- Forvaltningsrevisjon
- Selskapskontrollar
- Kontrollutvalet sitt budsjett for 2014 og oppfølging av rekneskap for 2013
- Andre oppgåver

Som det går fram av årsmeldinga har kontrollutvalet i det alt vesentligaste nådd dei måla som vart sett i årsplanen for 2013

FORSLAG TIL VEDTAK:

**Kontrollutvalet i Forsand vedtek framlagd årsmelding for 2013.
 Årsmeldinga vert oversend kommunestyret til orientering.**

SANDNES, 15.01.2014

Per Kåre Vatland
 Seniorrådgiver

Vedlegg: [Årsmelding 2013 - Forsand kontrollutval](#)

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

6/14 Statusoversikt pr. januar 2014

Arkivsak-dok. 13/00087-11
 Arkivkode. 217
 Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	30.01.2014	6/14

Bakgrunn

Statusoversikten er kontrollutvalet sitt verktøy til å fylgje saker som går fleire møter. Dette gjelder forvaltningsrevisjonar og selskapskontrollar som fylgjast frå de vert bestilt og til dei er endeleg følgde opp. Men òg andre type saker som krev oppfølging kan verte tekne med i oversikta. Oversikta vert oppdatert til kvart møte.

Saksutgreiing

Saka skal for det første gje kontrollutvalet oppdatert oversikt over status på dei enkelte sakene. Når saken er ferdigbehandla, vert de ståande slik at utvalet har oversikt over kva som er gjort i perioden.

Under denne saka kan kontrollutvalet òg ta opp spørsmål i tilknytning til sakene. Det vert òg lagt opp til at revisor under denne saken kan gje utvalet orientering om status på prosjekter dei arbeider med, og avklare endringar om dette er nødvendig.

I oversikta er det lagt opp til at rapportane som er bestilt men ikkje levert, vert levert i 2013. Om dette let seg gjere, avhenger av revisjonen sin kapasitet.

Notater til dette møte:

- Oppfølging FR: Anskaffingar er behandla i dette, sjå eigen sak
- Rapporten om forvaltningsrevisjon av Barnevern er send over til kommunen men ikkje behandla i kommunestyret enno.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Forsand tek statusoversikt pr. januar 2014 til orientering.

SANDNES, 23.12.2013

Per Kåre Vatland
 Seniorrådgiver

Vedlegg:

[Statusoversikt januar 2014](#)

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

Referatsaker/meldingar

1/14 Målsettingar og strategiar 2012-2015

Arkivsak-dok. 13/00179-9
Arkivkode. 026

2/14 Oppfølging av selskapskontroll: Interkommunalt arkiv i Rogaland IKS

Arkivsak-dok. 13/00211-9
Arkivkode. 217

3/14 Årsplan 2014 - Vedtak KST

Arkivsak-dok. 13/00328-6
Arkivkode. 146

4/14 Vedtak KST: Søknad fra Klepp kommune om opptak som deltaker med fast samarbeidsavtale

Arkivsak-dok. 14/00006-1
Arkivkode.

[Saksliste](#)